



Medlemer i Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet for Myking skule.

20.11.2014

Medlem Samarbeidsutvalet.	Vara medlem (møter berre etter nærare avtale).
Berit Bruvoll	Ida Marie Nordahl Kutschker
Edmund Nyheim	Annikken Sylta
Björg S. Myrmel	Janne Kari Eknes
Bodill Vabø	Bjørghild O. Spjell
Kjell Fagna	Jan-Erik Hope
Herborg Osmundsen	Torill Myhre
Nils Kvalvågnes	
Elevrådet:	
Nikolai R. Fimland	Sindre Sylta
Alva Bredholt	Mathea Eikemo
Medlem Skulemiljøutvalet	
Remi Rognaldsen	Steinar Kleiven
Ina A. Vabø	Magnus Holsen

Referat frå felles møte for Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet ved Myking skule.

Tysdag 30. september . kl. 18.00 - kl. rom 3

Då sakene i Samarbeidsutvalet for det meste fell saman med Skulemiljøutvalet sitt interesseområde kallar ein inn til møte for begge utvala samla. Vedtaka som vert gjort vert merka som vedtak i dei respektive utvala.

SAKER

1. Konstituering av Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet. :

- a. val av leiar og nestleiar: Berit Bruvoll vart valt til leiar og Edmund Nyheim til nestleiar.
- b. val av revisor for skulen sine råd/utval som disponerer midlar: Steinar Danielsen vart vald til revisor for Foreldrerådet sine konti (inkl midlar som klassane disponerer).

2. Meldingar/referatsaker.

- a. Referat frå elevrådsmøte.
Elevrådsrepresentantane Alva Bredholt og Nikolai R. Fimland orienterte om saker elevrådet har hatt oppe i haust. Elevrådet har hatt to møte så langt i skuleåret. Saker dei har hatt oppe er: Skulen sin aktivitetsplan, elevrådet si organisering av morgonsamlingane, skulen sine trivsels- og ordensreglar (gjeld også på skulevegen), prosjektveka som i år har barnekonvensjonen som tema,

Postadresse
5957 Myking

Besøksadresse
Myking skule
Myking

Telefon
56 36 42 01

Telefaks
56 36 03 88

Konto
0805 5787809-207
Organisasjonsnr.
935 084 733

FN-dagen 24. oktober med BliMe- dans mot mobbing, FORUT- Skoleløpet som innsats for barn i andre land, fellesaktivitetar i lag med FAU som t.d. fotballdag, dyredag, sløytedag, karneval, nye leikeapparat, - innereglar om morgonen, møblar i 7. klasse.

- b. Referat frå foreldreråds- og FAU-møte.
Leiar i Foreldrerådet, Berit Bruvoll, orienterte om FAU og saker dei har hatt oppe i haust:
- c. Skulen sine samarbeidsorgan. Gjennomgang av kap. 11 i opplæringslova.
- d. SU sine oppgåver og SKMU sine oppgåver.
- e. Gjennomgang av dokument på skulen si heimeside: Hovudtimeplan, aktivitetsplan, handlingsplan mot mobbing, kriseplan, trivsels- og ordensreglane
- f. Elevmiljø, Manifest mot mobbing-markering i samband med prosjektveka om barnekonvensjonen, Bli med dansen 24. oktober.
- g. Gjennomføring av brukarundersøkingar haustsemesteret. Elev- lærar og foreldreundersøkinga

3. Høyring leksehjelp.

Reglane for kven som kan få tilbod om leksehjelp er endra. Kommunen kan vedta at ordninga også kan gjelda elevar over 4. klasse. Rammene for ordninga er elles dei same. Høyringsfrist er xx.

Saka vart utsett i påvente av varsla førehandshandsaming i Levekårskomiteen.

4. Høyring planprogram for rullering av kommunedelplan for grunnskulen i Lindås.

Kommunestyret har vedteke å senda planprogram for rullering av kommunedelplan for grunnskulen ut til høyring. Planprogrammet avgrensar rulleringsarbeidet til ungdomskrinsane Ostereidet og Lindås og berre til å omfatta struktur.

Samarbeids- og skulemiljøutvalet ved Myking skule (SU/SKMU) har handsama høyringa av framlegg til planprogram for «Kommunedelplan skule 2014-2020» - sak 080/14 - i Lindås kommunestyre.

Vedtak SU/SKMU:

Syner til høyringsbrev om kommunestyresak 080/14, «Framlegg til planprogram for oppstart av arbeidet med rullering av kommunedelplan skule 2014-20 for Lindås kommune». Samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet ved Myking skule har følgjande merknader:

Postadresse 5957 Myking	Besøksadresse Myking skule Myking	Telefon 56 36 42 01	Telefaks 56 36 03 88	Konto 0805 5787809-207 Organisasjonsnr. 935 084 733
----------------------------	---	------------------------	-------------------------	--

Feil paragraf brukt

Planprogrammet er lagt ut til høyring etter § 12-10 i plan- og bygningslova. Denne paragrafen omhandlar behandling av reguleringsplanar, og er såleis ikkje riktig. Planprogram er regulert i § 4-1, planprogram og § 11-13, utarbeiding av planprogram i same lov. § 4-1 regulerer blant anna behov for utgreiingar som bør gjerast. Ein kan ikkje sjå at dette kjem godt nok fram i planprogrammet.

Høyringa ikkje i samsvar med Kommune-lova og Plan- og bygningslova

SU/SKMU ved Myking skule vil protestera på rammene som er lagt for dette rulleringsarbeidet, - som i framlegget til planprogrammet er presentert slik: *«Innhaldet i denne planen skal vere avgrensa til å gjelde skulestruktur knytt til Lindås- og Ostereidet ungdomsskulekrinsar»*.

Tema for rulleringa er så innsnevra geografisk og tematisk at det ikkje fell inn under rammene for «kommunedelplan verktøyet» i Kommune-lova og Plan- og bygningslova (særleg krav som gjeld forankring, heilskap, medverknad og legitimitet).

Kommunen har på nytt sendt ut varsel om rullering av kommunedelplan for grunnskulen i Lindås. Denne gongen avgrensa til to av tre ungdomsskulekrinsar og berre med fokus på struktur. Grunngevinga for denne rulleringsrunden er presentert under punkt 1 i framlegg til planprogram.

At det i denne grunngevinga vert konkludert med at det er trong for å revidera kommunedelplan for grunnskulen etter eit drygt år, er **ganske uforståeleg for SU/SKMU ved Myking skule**. (vart sist vedteke 21.03.13, men rulleringa no skal berre gjelda for to av tre ungdomsskulekrinsar og igjen berre med fokus på struktur, dette til tross for at verbaldelen framleis ikkje har fått ei forsvarleg handsaming).

Og korleis kommunen kan greia å nå ambisjonane under punkt 2, 3 og 4 i planprogrammet når rammene er så snevre som skissert i planprogrammet punkt 5:

«a. Innhaldet i denne planen skal vere avgrensa til å gjelde skulestruktur knytt til Lindås- og Ostereidet ungdomsskulekrinsar».

- er enno meir uforståeleg for oss.

Feil sakshandsaming

SU/SKMU ved Myking skule meiner at kommunen ved dei siste rulleringane av kommune-delplan for grunnskulen har nytta ein svært uvanleg og uheldig metodikk i planarbeidet. Denne metodikken har ført til at innbyggjarane sine innspel ikkje har fått konsekvens for endeleg plan.

Dette fordi:

- anten har endeleg vedtak mangla (sjå punkt 1)
- sentrale dokument har blitt unnateke høyringa, men teke med i Kommunestyret sitt planvedtak (sjå punkt 2)

1. Sist kommunedelplan for grunnskulen var oppe i si fulle breidde var i 2009-10, med vedtak i Kommunestyret 10.juni 2010 - sak 66/10. Verbaldelen, som vart lagt

Postadresse 5957 Myking	Besøksadresse Myking skule Myking	Telefon 56 36 42 01	Telefaks 56 36 03 88	Konto 0805 5787809-207 Organisasjonsnr. 935 084 733
----------------------------	---	------------------------	-------------------------	--

ut til høyring hausten 2009, var i stor grad organisert og gjennomført som eit «konsulentoppdrag» ført i pennen av Norconsult.

Då Mykingkrinsen handsama dette planframlegget fann ein mange faktiske feil. Overflatiske og sjablongmessige vurderingar som ikkje stemte med verkelegheita hjå oss, og store feil og manglar i statistiske analysar og økonomiske vurderingar. Ma. kom Samarbeidsutvalet ved Myking skule, FAU, Myking Bygdelag-Trivselsgrenda og Natås Bygdelag med vektige innspel i svardokumentet: «Myking skulekrins –eit levande bygdesamfunn- uttale til framlegg til kommunedelplan skule 2010-20». Argumentasjonen her førde til at strukturframlegget (som kom til sluttvotering i kommunestyresak 66/10) vart endra av di fleirtalet i Kommunestyret såg at skulen var viktig for kommunen og for Mykingkrinsen. Vedtaksprotokollen frå dette Kommunestyremøtet syner likevel at ikkje nokon av merknadane til verbaldelen vart realitetshandsama, og såleis vart ingenting endra i høyringsheftet «Kommunedelplan for skule 2010-2020». Kommunestyret hadde då, slik SU/SKMU ved Myking skule ser det, IKKJE vedteke ny gjeldande kommunedelplan for grunnskulen i Lindås i det møtet.

2. Hausten 2012 fekk SU/SKMU ved Myking skule på ny oversendt: "Kunngjering om oppstart av arbeidet med rullering av kommunedelplan skule 2010-2020 i Lindås kommune" til uttale. I kunngjeringsbrevet frå rådmannen vart det no opplyst at: "*Rulleringa vert i hovudsak avgrensa til vurdering av tema omkring struktur, krinsinndeling og trong for rehabilitering, utbygging og nybygg av skular*".

SU/SKMU gav følgjande innspel til dette:

"Samarbeids- og skulemiljøutvalet ved Myking skule meiner at ei slik avgrensing ikkje er forsvarleg handsaming av eit så viktig planområde for kommunen sine innbyggjarar, - særleg fordi det ikkje føreligg eit gyldig vedtak på verbaldelen i gjeldande plan. Gjeldande kommunedelplan for grunnskulen 2010-2020 er difor etter SU/SKMU sitt syn eit administrativt dokumentet som ikkje kan ha status som "gjeldande kommunedelplan" før det ligg føre gyldig vedtak i Kommunestyret på heile saksframlegget i kommunestyresak 66/10.

SU/SKMU ved Myking skule ser elles alvorleg på at innkomne merknader (etter høyringsrunden 2009), frå kommunen sine innbyggjarar, frå skulane sine samarbeidsutval og skulemiljøutval, frå andre offentlege organ, frå Kommunestyret sine underutval, og andre innspel til planframlegget frå 2009 ikkje er blitt teke opp til vurdering i Kommunestyret sitt vedtak i sak 66/10, og bed om at rulleringsarbeidet som no vert starta opp må omfatta heile planen.»

Planarbeidet og det endelege høyringsutkastet som vart sendt ut hausten 2012 fekk likevel ei slik avgrensing, men då kommunedelplanen kom til slutthandsaming blei konsulentarbeidet frå 2009 likevel teke inn som del av rådmannen sitt framlegg til planvedtak:

Postadresse 5957 Myking	Besøksadresse Myking skule Myking	Telefon 56 36 42 01	Telefaks 56 36 03 88	Konto 0805 5787809-207 Organisasjonsnr. 935 084 733
----------------------------	---	------------------------	-------------------------	--

....."Kommunedelplan skule 2010 – 2020 s 3. – 49 vert vedteke i samband med denne rulleringa"....

Ei slik sakshandsaming av ein kommunedelplan kan vel ikkje vera i samsvar med intensjonane til lovgjevarane? Når så vesentlege delar av grunnlaget for kommuneplanvedtaket er unnateke rulleringsarbeidet ved kunngjering om oppstart av planarbeidet, og det omtala dokumentet heller ikkje var med i dokumenta som vart sendt ut til høyring, kan det heller ikkje vedtakast som del av rulleringsgrunnlaget,- og heile planprossessen bør då etter SU/SKMU si mening, underkjennast.

Sakshandsaminga for denne planen kan, slik vi opplever det, i beste fall kunna kallast rotete.

På bakgrunn av dette bed Samarbeids- og skulemiljøutvalet ved Myking skule difor om at kommunedelplan skule no vert teke opp i heile si breidde når nytt Kommunestyret er i virke etter kommunevalet hausten 2015. Noverande Kommunestyre må ta inn over seg at det er svært slitsamt for skular og krinsar at det uavlateleg vert stilt spørsmål om eksistensgrunnlag, og eksistensrett, - særleg når våre innspel og merknader vert handsama så lettvtint og tilfeldig fram til endeleg politisk handsaming.

SU/SKMU bed i denne samanheng Fylkesmannen om å føreta ei lovlegvurdering av dei prosessar og vedtak som er gjort rundt temaet «kommuneplan strategisk del, - kapittel grunnskulen, og kommunedelplan for grunnskulen i Lindås kommune frå og med rulleringa i 2009-10 og fram til dags dato.

5. Grunnskuleveka 2013.

Tankar rundt Grunnskuleveka og aktivitetar i samarbeid heim/skule i skuleåret. FAU orienterer.

6. Evt.

Myking skule 30.10.2014

Nils Kvalvågnes
Ref.

Kopi: Einingsleiar

Postadresse 5957 Myking	Besøksadresse Myking skule Myking	Telefon 56 36 42 01	Telefaks 56 36 03 88	Konto 0805 5787809-207 Organisasjonsnr. 935 084 733
----------------------------	---	------------------------	-------------------------	--